

Alarmsentralen Sogn og Fjordane og KS

Organisering av brannvesenet i Sogn og Fjordane, sluttrapport

April 2018



Innhald

	Side
1 Bakgrunn og mandat	04
2 Nærare om organisering av brannvesen i dag og status for brannvesenet i Sogn og Fjordane	10
3 Døme frå andre regionar	25
4 Modellar for å løyse krav i ny forskrift i Sogn og Fjordane med vurdering	29
5 Oppsummering av arbeidsgruppa sine vurderingar	60
6 Nærare vurdering av fylkessamarbeid fagleiarar	63



Samandrag

Dei nye bemannings- og kvalitetsnormene for brannvesen vil medføre at brannvesenet i mange av kommunane i Sogn og Fjordane må styrke den brannfaglege kapasiteten. På bakgrunn av dette har KS i Sogn og Fjordane sett ned ei arbeidsgruppe som skulle sjå nærare på følgande:

Vurdere konsekvensar for kommunane i fylket av endringar i bemanningsnormer og kompetansekrav for brannverna i fylket:

Arbeidsgruppa har vurdert at hovudutfordringa er kravet til at brannsjef, leiar beredskap og leiar førebygging skal vere tilsett i 100 % stilling i alle brannvesen. I dag har 24 av kommunane i fylket samla sett 7 årsverk som brannsjef, 6,7 årsverk leiar beredskap og 6,1 årsverk leiar førebygging. Kommunestrukturen i fylket er i endring og arbeidsgruppa har vurdert kostnadsauken dersom kommunane ikkje skal samarbeide utover det ein gjer i dag, men med ny kommuneinndeling. Denne kostnadsauken blir på 11,6 mill samla for kommunane i Sogn og Fjordane (eks Gulen og Solund). I tillegg reknar ein med det blir utfordrande å rekruttere fagfolk til alle dei nye stillingane.

Vurdere løysingar i samanheng med at det er oppretta ny nødmelderegion for Hordaland og Sogn og Fjordane:

Arbeidsgruppa har hatt møte med brannsjefen i Bergen for å få informasjon om korleis dei planlegg å løyse utfordringane i Hordaland. Der fikk arbeidsgruppa ei orientering om samarbeidet i Hordaland (Vest brann- og redningsregion). Omlag halvparten av kommunane i Hordaland har gått inn i samarbeidet. Alarmsentralen i Sogn og Fjordane har også eit pilotprosjekt der ein har eit virtuelt samarbeid

med alarmsentralen i Bergen. Prøveprosjektet skal vare fram til desember 2020. Å samarbeide med Hordaland om fagstillingane er vurdert som ei mogeleg løysing som er vurdert nærare av arbeidsgruppa som eitt av fem alternativ.

Vurdere og kome med framlegg til korleis brannvesenet kan styrkast for å møte nye krav i framtida:

Arbeidsgruppa har vurdert 5 alternativ til framtidig organisering:

1. Halde fram som i dag
2. Etablere regionale brannvesen som IKS
3. Regionale samarbeid om fagleiing
4. Fylkessamarbeid om fagleiing
5. Bli ein del av Vest brann- og redningsregion

I vurderinga av dei ulike alternativa har arbeidsgruppa lagt vekt på kriteria kostnader, tilgang på kompetanse / materiell, lokalkunnskap / avstand og samhandling mellom kommunane. Arbeidsgruppa konkluderte med at det var alternativ 3 og 4 som best støtta nemnde kriterier.

Etter ei drøfting med rådmannsutvalet i KS foretok arbeidsgruppa ei noko meir deltaljert vurdering av alternativ 4 der ein også vurderte å knytte dette samarbeidet opp mot alarmsentralen. Konklusjonen til arbeidsgruppa er at ein modell der fagleiinga for brannvesena i fylket blir tilsett i alarmsentralen kan vere ei god løysing. Denne løysinga kan vere fleksibel for kommunane då dei sjølv kan velje i kor stor grad dei vil bygge opp ei eiga leiing i kommunen eller kjøpe desse tenestene frå Alarmsentralen i Sogn og Fjordane.

01

Bakgrunn og mandat



Bakgrunn og rapportstruktur

Bakgrunn:

Alarmsentralen i Sogn og Fjordane og KS samarbeidar om å vurdere konsekvensar for venta nye bemannings- og kvalitetsnormer for brannvesenet. Sogn og Fjordane Brannbefalslag har også blitt invitert til å delta i arbeidsgruppa og har såleis også delteke i arbeidet. Arbeidet bør også setjast i samanheng med at naudmeldetenesta (110) er i endring etter vedtak om ny region for Sogn og Fjordane og Hordaland.

Vedtak:

KS – Sogn og Fjordane gjorde eit slikt vedtak i 18. mai 2017.

«Fylkesstyret støttar vedtaket frå rådmannsutvalet, der rådmannsutvalet stiller seg positiv og ønskjer å delta i ei arbeidsgruppe som ser nærare på samordning av den brannfaglege kapasiteten i kommunane. Fylkesstyret er også samd i at Alarmsentralen Sogn og Fjordane bør styre arbeidsgruppa og ta det vidare initiativet.»

Oppbygging av rapporten:

I kapittel 1 *Bakgrunn og mandat* orienterer vi nærare om mandat og organisering av arbeidet. Vi tek også for oss hovudpunkt i ny forskrift og planane for alarmsentralen i Sogn og Fjordane.

I kapittel 2 *Nærare om organisering av brannvesen i dag og status for brannvesenet i Sogn og Fjordane* tek vi for oss noverande organisering av brannvesenet i dei ulike kommunane, inkludert tal årsverk for leiarstillingar i fylket. Vi vil også inkludere endringar i kommunekartet etter 2020, og viser til karakteristika og utfordringar i fylket som bør ligge til grunn for vidare vurdering.

Kapittel 3, *Døme frå andre regionar*, er inkludert for å belyse andre eksempel på organisering av brannfagleg arbeid. Vi inkluderer oversikt for Vest brann- og redningsregion, Salten Brann IKS og MOVAR IKS.

I kapittel 4, *modellar for å løyse krav i ny forskrift i Sogn og Fjordane med vurdering*, ser vi nærare på fem moglege modellar for organisering. Forventa auke eller reduksjon i kostnader for dei ulike alternativa er inkludert i dette kapitlet.

Kapittel 5, *oppsummering av arbeidsgruppa sine vurderingar*, konkluderer med kva alternativ arbeidsgruppa anbefalar for framtidig organisering av branntenesta i Sogn og Fjordane.

Kapittel 6, *Nærare vurdering fylkessamarbeid fagleiarar*, ser nærare på korleis eit fylkessamarbeid kan organiserast. Kapitlet er lagt til i rapporten etter innspel frå Rådmannsutvalet til KS. 5

“

Mandat og arbeidsgruppe

Arbeidsgruppa:

- Øyvind Bang-Olsen, rådmann
- Sven Flo, folkevald
- Bernard Øberg, brannsjef/tillitsvald
- Terje Brandsøy, Alarmsentralen
- Gaute Johnsgaard, brannsjef

Arbeidet blir leia av alarmsentralen i Sogn og Fjordane v/ Øyvind Bang-Olsen og Terje Brandsøy.

Jan Flølo (PwC) er leigd inn til å fasilitere prosjektet.

Arbeidsgruppa har hatt 4 arbeidsmøter i prosjektperioden frå 13. desember til xx. mars. På møte den 20. februar deltok brannsjef i Vest Brann og redning og Beredskapssjefen i Sogn og Fjordane og kom med innspel til arbeidsgruppa.

Mandat

1.

Vurdere og drøfte konsekvensar for kommunane i Sogn og Fjordane av endringar i bemanningsnormer og kompetansekrav for brannverna i Sogn og Fjordane.

3.

Vurdere og komme med framlegg til styrka brann- og redningsteneste for kommunane, m.a. føreslå etableringar av interkommunale brannvesen og samarbeidsordningar mellom kommunane der det er nødvendig

2.

Arbeidsgruppa skal vurdere løysingar og framlegg i samanheng med at det er oppretta ny nødmelderegion for Hordaland og Sogn og Fjordane.

4.

Arbeidsgruppa har høve til å knyte til seg ressursar og ha drøftingar med relevante instansar for å hente inn uttale eller drøfte løysing.

Avgrensing

Arbeidsgruppa sitt arbeid avgrensar seg til å vurdere overordna organisering av brannverna for å stette ny dimensjoneringsforskrift. Arbeidsgruppa har såleis ikkje vurdert den operative verksemda til brannverna, herunder kvar kommunane skal ha lokalisert brannstasjonar og ha vaktberedskap

Hovudpunkt frå ny forskrift

“

Samfunnet står ovanfor eit ganske anna risiko- og trusselbilde i dag enn for 15 år sidan, og det har også betydning for kommunane sine viktigaste rednings- og beredskapsressursar

“

“Vi er opptatt av at brann- og redningsvesenet skal vere godt rusta til å møte morgondagens utfordringar. Samfunnet står ovanfor eit ganske anna risiko- og trusselbilde i dag enn for 15 år sidan, og det har også betydning for kommunenes viktigaste rednings- og beredskapsressurs”, Cecilie Daae, direktør i DSB.

Ny forskrift om organisering, bemanning og utrusting av brann- og redningsvesen og naudmeldesentralar skal erstatte dagens dimensjoneringsforskrift frå 2002. DSB har i tett samarbeid med fagmiljøa utarbeida eit forslag til ny forskrift. “Sidan forskrifta stadfestar sentrale føresetnader for arbeidet til kommunale brann- og redningsvesen, har det vore heilt avgjerande for oss å utarbeide den i samarbeid med deira representantar”, seier Daae.

Dei viktigaste bestemmingane i dagens forskrift er ivaretekne, særleg minimumskrava knytt til organisering, bemanning og utrusting. Samtidig er det gjort endringar som skal sikre innbyggjarane endå betre tenester frå brann- og redningsverna i framtida. Det er føreslått tydelegare og til dels nye krav til analysar av risiko, sårbarheit, beredskap og førebygging, som grunnlag for organisering, utrusting og bemanning av etaten. Dette betyr samla sett noko auke i fleksibilitet for kommunane til å løyse sine oppgåver med utgangspunkt i lokal risiko.

Ei anna viktig endring er krav om tre leiarar på heiltid i alle brann- og redningsvern; brannsjef, leiar førebygging og leiar beredskap. Heiltidsleiing er eit behov som er dokumentert over tid i fleire rapportar, blant anna **Brannstudien**. Krav til øvingar og evalueringar av hendingar er tydeleggjort i forslaget til ny forskrift.



Hovudendringa i Sogn og Fjordane er kravet til at
brannsjef, leiar for beredskap og leiar for førebygging
skal vere tilsett i 100% stilling i alle brann- og
redningsvesen

Planer for 110-sentralen i Sogn og Fjordane

Kopling mellom alarmsentral og brannfaglege krav i ny forskrift

Stortinget fatta vedtak i 2015 om oppretting av nytt politidistrikt for Sogn og Fjordane og Hordaland (region Vest). DSB peika ut Bergen kommune/Bergen Brannvesen som ansvarleg for å opprette ny 110 Region Vest.

DSB har hatt ønske om å samlokalisere 110-sentralen i Florø med Bergen sin 110-sentral. I Bergen er det vedteken at 110-sentralen og politiet sin 112-sentral skal samlokalisere, men egna lokale manglar. Politiet har fått godkjent søknad om utsetting fram til eventuelt nytt politihus er på plass.

Etter at alarmsentralen i Sogn og Fjordane, KS i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune spelte inn ynskje til DSB har ein fått gjennomslag for å ha eit virtuelt samarbeid mellom 110-sentralen i Bergen og i Florø. Dette samarbeidet skal testast ut i ein prosjektperiode fram til desember 2020.

Gjennom utgreiinga vil det rettast fokus mot eksempelvis samarbeidsform, utvikling av rutiner og arbeidsprosesser og oppgåvehandtering.

Målet med utgreiinga er å etablere eit beslutningsunderlag og struktur for korleis samarbeidet mellom sentralane skal forholde seg til kvarandre gjennom prøveprosjektet.

DSB arbeider med endring av forskrifta for dimensjonering og kvalitetskriterier for kommunale brann- og redningstenester. Det er venta at forskrifta vil bli lagt fram i løpet av kort tid.

Oppdraget som Justisdepartementet har gitt DSB er tydeleg. Forskriftendringa vil krevje heile stillingar for fleire funksjonar enn i dag, krav til redningsleing, krav til responstider, samvirke mellom redningsorganisasjonane, mv.

Det er difor naturleg at arbeidsgruppa ser samheng mellom endring i naudmeldetenestene og andre nye krav frå direktoratet for kommunane sine brann- og redningstenestar.


Når ein målsetjingane i prøveprosjektet vil Florø truleg få styrka fagmiljøet kring 110-sentralen. For å bygge opp under kompetansen knytt til 110-sentralen i Florø vil det vere ein fordel om leiarstillingar knytt til brannvern vert samlokalisert med 110-sentralen.

02

Nærare om organisering av brannvesen i dag og status for brannvesenet i Sogn og Fjordane



Vanleg organisering av dagens brannvern



- Brann og redningstenesta ligg under brannsjefen si leiing.
- Leiar førebygging har ansvaret for førebyggjande personell, feiar og bygningstilsyn.
- Leiar beredskap har i dag ansvar for beredskapsstyrken og utstyr.

Etter standardkrava skal kvar kommune ha eit brannvesen med minst 16 personar, men med ulike krav til vaktberedskap, avhengig av kommunen sin storleik. Mange kommunar har såleis ein større beredskapsstyrke og ein har også ofte fleire brannstasjonar i ein kommune.

Ansvarsområde for dei ulike leiarane

Leiar Førebygging

Leiar førebygging har har ansvaret for følgande oppgåver:

- Risikobasert kartlegging av bygg og anlegg som kan medføre tap eller skade på menneske, materiell eller miljø.
- Gjennomføre tiltak som reduserer risiko.
- Gjennomføre tilsyn med bygninger, anlegg og lager av farlige stoff o.l. for å påsjå at disse er tilstrekkelege sikra.

Leiar beredskap

Leiar beredskap har ansvaret for mannskap og utstyr i tilknytning til brannvernet sin operative verksemd, herunder:

- Sikre at det faglege nivået i avdelinga er i samsvar med regelverk
- Ansvar for at ein til ei kvar tid har vaktberedskap
- Ansvar for beredskapsmateriell
- Ansvar for øvingar

Brannsjef

Brannsjef har det overordna ansvaret for førebygging og beredskapsarbeidet knytt til brannvern i kommunen.

Brannsjefen er den som forestår den daglige ledelsen av brannvesenet i henhold til brann- og eksplosjonsvernloven.

Brannsjefen inngår også i kommunen sin beredskapsorganisasjon.

Utdanningskrav for leiarar

Leiar Førebygging

Leiar for førebyggjande avdeling, skal ha gjennomført yrkesutdanning i førebyggjande brannvern og enten ha:

- Utdanning som ingeniør frå ingeniørhøgskule, anna relevant høgskuleutdanning eller særskilt brannteknisk utdanning på same nivå, eller
- Kvalifikasjonar som utrykningsleiar i heiltidsbrannvesen, jf. § 7-7 , eller - minst to års erfaring som førebyggjande personell, jf. § 7-6

Leiar beredskap

Leiar for beredskapsavdeling skal ha gjennomført beredskapsutdanning trinn 3 og ha enten:

- Utdanning som ingeniør frå ingeniørskule, eller anna relevant høgskuleutdanning eller særskilt brannteknisk utdanning på same nivå, eller
- Kvalifikasjonar som utrykningsleiar i heiltidsbrannvern, jf. § 7-7

Brannsjef

Kommune/region med inntil 20 000 innbyggjarar:

- Utdanning som ingeniør frå ingeniørhøgskule eller anna relevant høgskule, eller
- Kvalifikasjonar som leiar for førebyggjande avdeling og minst to års erfaring som leiar jf. § 7-9, eller
- Kvalifikasjonar som leiar for beredskapsavdeling og minst to års erfaring som leiar, jf. § 7-8

Brannsjef i større kommune/region må ha relevant utdanning/høgskule eller 2-5 års erfaring som brannsjef, jf. kapittel 7*

Om brann- og redningstenesta

Ein etat med svært godt omdømme

Undersøkingar viser at på landsbasis har 94% av innbyggjarar stor tillit til brann- og redningstenesta.

Alarmsentralen har også eit godt omdømme, og er ein pådrivar for å tenkje samvirke og ta på seg oppgåver utanfor primærrområder (t.d. mottak av tryggingssalarmlar og direkte alarmlar). Behovet vil auke i takt med auken i talet på eldre.

Deltidsmannskap er ryggrada i brann- og redningstenesta i fylket

Ein må dyrke den motiverte og innsatsvillige brannkonstabelen.

Ei teneste med varierte oppgåver utover å sløkkje brannar

Etaten har mange fleire oppdrag knytt til ulykker enn til brannar. Helseoppdrag har eit stort og aukande omfang, og klimarelaterte hendingar/naturhendingar vil truleg vere ei større oppgåve i åra som kjem. Brannvesenet må oftare enn før dekke politioppgåver på brann/skadestaden i innleiingsfasen.

Innvendingar frå DSB under tilsyn

Dei fleste knyter seg til stillingsprosentar, dokumentasjon/analysar, forebyggjande innsats (gjennomføring og oppfølging av tilsyn) og manglande ELS (standardisert leiarsystem).

Framtidige utfordringar og moglegheiter for brann- og redningstenesta



Større brannvesen

IKS

- IKS gjer større moglegheiter og fleksibilitet på utstyrssida.
- Overordna vakt (krav i tettstader med over 2000 innbyggjarar) kan dekke fleire kommunar.

Brannsjef

- Brannsjefen vil i mindre grad enn før vere ein integrert del av kommuneadministrasjonen dersom han/ho vert ein del av eit større brann- og redningsvesen.
- Det kan vere ei ulempe at brannkompetansen forsvinn ut (t.d. arealplanlegging).
- Samstundes vil større avstand gi meir integritet i t.d. oppfølginga av avvik etter tilsyn (særleg i kommunale bygg).



Avstand

Mellom personell

- For stor fysisk, mental og kompetansemessig avstand frå leiing til deltidsmannskap kan vere uheldig.

Geografisk

- Innenfor alle oppgåvene til brann- og redningstenesta vil køyreavstand ha betydning.




Rekruttering

- Kan vere ei auka utfordring i framtida. Krav om auka opplæring vil kunne bidra til å forsterke dette.
- Brann- og redningsvesenet har også ein jobb å gjere med å rekruttere fleire kvinner.

Brann- og redningsvesenets oppdrag

(etter hovedtyper per uke) i Sogn og Fjordane i perioden 1. juli 2017 til 31. desember 2017



Noverande organisering av brannfagleg arbeid i dei ulike kommunane

Dei fleste kommunane har eige brannvesen.

Følgande kommunar har inngått interkommunale samarbeid om brannvesen:



Interkommunalt brannvesen (IKS):

- Vik, Sogndal, Balestrand, Luster og Leikanger
- Samarbeidet dekker 19.400 innb
- Dei har 8 årsverk førebygging og 12,4 årsverk beredskap (KOSTRA 2016)



Felles brannsjef (vertskommunemodellen)

- Flora og Bremanger
- Askvoll, Førde og Naustdal
- Årdal og Lærdal

110

Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS

- Fylkessamarbeid med 24 kommunar som eigarar (Gulen og Solund er ikkje med)



Endringar i kommunekartet etter 2020



Kommunereform vil gje 18 kommunar i 2020 mot 26 i dag.

Planlagte nye kommunar:

- Sogndal Kommune: Balestrand, Leikanger og Sogndal
 - 11.500 innb og 12,1 årsverk førebygging og beredskap
- Kinn kommune: Vågsøy og Flora
 - 18.000 innb og 15,2 årsverk førebygging og beredskap
- Sunnfjord Kommune: Gaular, Naustdal, Førde og Jølster
 - 21.900 innb og 17,2 årsverk førebygging og beredskap
- Volda Kommune: Hornindal og Volda
 - 10.300 innb og 6,3 årsverk førebygging og beredskap
- Stadt kommune: Eid og Selje
 - 8.900 innb og 5,1 årsverk førebygging og beredskap

(Kjelde: KOSTRA 2016)



Oversikt årsverk leiarstillingar i Sogn og Fjordane


Oversikta* viser årsverk innan leiging for
brannsjef, beredskap og førebygging i
den enkelte kommune.

Datagrunnlag er etter det kvar enkelt
kommune har rapportert inn til DSB.
Tala er innrapportert i 2016.

Oversikt årsverk leiarstillingar innan brann i Sogn og Fj.			
Kommune	Brannsjef	Beredskap	Forebyggende
Florø	1	1	0,6
Bremanger			
Vik			
Balestrand			
Leikanger			
Sogndal	1	1	1
Luster			
Askvoll	0	0,15	0,45
Førde	0,75	1	0,5
Naustdal			
Lærdal			
Årdal	1	0,4	0,4
Hyllestad	0,08	0,08	0,08
Høyanger	0,15	0,5	0,5
Aurland	0,5	0	0,3
Fjaler	0,15	0,15	0,15
Gaular	0,15	0,2	0
Jølster	0,15	0,15	0,15
Vågsøy	0,4	0,3	0,3
Selje	0,6	0,4	0,2
Eid	0,3	0,3	0,3
Hornidal	0,1	0,21	0,05
Gloppen	0,3	0,5	0,8
Stryn	0,36	0,36	0,36
Sum samla årsverk Sogn og Fjordane (- Solund og Gulen)	6,99	6,7	6,14

*Kjelde: DSB (BRIS-register)
Fargekodar viser til samarbeidskommunar

Oversikt årsverk leiarstillingar i Sogn og Fjordane forts.



Karakteristika og utfordringar for Sogn og Fjordane må ligge til grunn for framtidig organisering av brann- og redningsteneste

Sogn og Fjordane er eit spreiddbygd fylke med lange avstandar, fjordar og fjell og klimatiske utfordringar. Ein er derfor avhengig av ein desentralisert struktur for å nå krav til responstider.

I delar av fylket har både politi og ambulanse ofte lengre responstid enn brannvern. Som eit resultat har brannverna oftare fått oppgåver knytt til first-responder i fylket.

Utfordringa i fylket vil vere å nå krav i ny forskrift om 100% leiarstillingar, samstundes som ein skal ha like god beredskap i heile fylket som i dag.



Naudmeldeteneste - 110 sentralane og kommunane

110 sentralen spelar ei viktig rolle i samband med mange typer hendingar og kriser (til dømes brann, klimarelaterte hendingar, ulykker, leiteaksjonar).

Det er etablert faste kontaktpunkt mellom kommunane og 110 tenesta for å sikre informasjonsflyt og konstruktiv diskusjon omkring hendingar, utalarmering, teknologi og stabsstøtte.

Framover vil det vere viktig å vidareutvikle sentralen si faglege støtte til beredskap og førebygging i kommunane. Kommunane og 110 tenesta må i fellesskap utvikle standardar og kvalitetsrutinar i samband med hendingar og førebygging.

Formelle krav

“Nødalarmeringssentralen skal bemannes, utrustes og opereres slik at den til enhver tid fyller behovet for mottak og registrering av nødmeldinger, alarmering av mannskaper og kommunikasjon med innsatsstyrkene og den som melder ulykken. Etablering og drift skal samordnes med øvrige nødalarmeringssentraler for helse og politi.

Nødalarmeringssentralen er ansvarlig for alarmering og utkalling av tilstrekkelig innsatsstyrke og overordnet vakt.

Nødalarmeringssentralen skal etablere samband med innsatsstyrken, overordnet vakt og øvrige nødetater, samt bistå under innsatsen. Operatør på nødalarmeringssentral skal ha gjennomført yrkesutdanning for brannkonstabel, beredskapsutdanning trinn I samt yrkesutdanning for operatør på nødalarmeringssentral”

Organisering av naudmeldeteneste i Sogn og Fjordane



110-sentralen i Sogn og Fjordane er driven av Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS. Selskapet er eigd av 24 kommunar i Sogn og Fjordane. Representantskapet er øvste styringsorgan med eit medlem og eit varamedlem frå kvar kommune. Det er tilsett dagleg leiar ved sentralen.

I 2016 mottok sentralen 4 031 automatiske brannalarmar og 61 380 tryggingssalar. Sentralen har ein betydeleg portefølje med tryggingssalarkunder, og denne verksemda er i vekst.



Det er 14,5 årsverk tilknytta sentralen, der 11,5 inngår i ei turnusordning fordelt på fem vaktlag. Turnusen går over fem veker med delt døgn (tolv timer). Normalbemanninga i sentralen er tre operatørar på vekedagar mellom kl. 08.00 og 15.30. Resten av døgnnet er dekkja inn med to operatørar.

Ved trong for å kalle inn fleire operatørar til sentralen, vert samtlege varsla ved bruk av UMS (mobilvarsling). Dei som har moglegheit til å møte drar til sentralen, og blir eventuelt permittert dersom det ikkje er behov for dei. Denne løysinga vert brukt ved for eksempel store og komplekse branner eller ved større og samtidige hendingar.



Dersom ein når målsetjingane i prøveprosjektet for 110-sentralen vil Florø truleg få eit styrka fagmiljø. For å bygge opp under kompetansen knytt til 110-sentralen vil det vere ein fordel om leiarstillingar i brannvesenet vert samlokalisert med sentralen.

Blir 110 tenesta i Sogn og Fjordane flytta til Hordaland må kommunane ta stilling til om «deira eigen sentral» skal fortsett og vere mottaksentral for tryggleikssalar – heisalarmar og andre tekniske alarmar. I dag utgjer disse oppgåvene 95% av det daglege arbeidet for operatørane. Samtidig er det med å styrkar sentralen sin evne til å handtere akutte hendingar grunna auka bemanning og større nettverk ut i kommunane.

Organisering av polititjenesta i Sogn og Fjordane


Politi

Frå 2016 er Hordaland og Sogn og Fjordane ein del av Vest Politidistrikt, som eit resultat av nærpolitireformen.

Ein har tre lensmannsdistrikt i fylket; Sunnfjord, Sogn og Nordfjord. Det skal vere tre politikontor i Nordfjord, fem i Sogn og seks i Sunnfjord*.

I politiet får ein no lensmann på Eid, Førde og Sogndal (regionlensmann). Dette blir i stor grad ein administrativ funksjon.

Politikontora vil ikkje ha eigen lensmann, men ein dagleg leiar som har tittelen politioverbetjent. Frå 1.mars 2018 skal dei nye einingane vere i drift.



Slik skal Vest politidistrikt styrast

Tre driftsleiningar og 14 tenesteleiningar. No har politimeisteren bestemt seg for korleis Vest politidistrikt skal organiserast.



SLUTT: Politiet i Sogn og Fjordane har i feire år hatt Førde som hovudstet. No blir det flytta til Førde. FOTO: Kjetil ABERG/STROMA/REX

Av 72 klagar på nedlegging av lensmannskontor etter innstilling frå politimeisteren i Vest politidistrikt vart tre tekne til etterretning - inkludert Aurland og Årdal. Desse er verna inntil vidare**.

*<https://www.nrk.no/sognogfjordane/tre-lensmenn-att-i-sogn-og-fjordane-1.13867657>

**<https://www.porten.no/artiklar/tre-lensmannskontor-i-indre-sogn-det-er-spesielt-om-ein-loftar-blikket-litt/397288>

Organisering av helsetenesta i Sogn og Fjordane

Helseteneste

Helse Førde HF har ansvar for spesialisthelsetenesta i Sogn og Fjordane, og er såleis også ansvarleg for ambulansetenester.

Helsetenesta består av mange ambulansestasjonar med felles leiing frå Helse Førde. Det er også AMK sentral i Førde.


I løpet av 2018 skal ei prosjektgruppe kome med framlegg til ny ambulansestructur i Helse Førde. Det prehospitalt spelar ei stor rolle i fylket med spreidd busetnad.

Ambulansedrifta har hatt sterkare kostnadsvekst enn Helse Førde dei siste ti åra. Tenesta må også tilpasse seg endringar i nasjonale kompetansekrav.



Ambulansestructuren blir ikkje endra neste år

Helse Førde arbeider med framlegg til ny ambulansestructur.



03

Døme frå andre regionar





Vest brann- og redningsregion

Nytt samarbeid i Bergensregionen

Bergensalliansen la 22. november 2016 fram sin rapport om eit mogleg samarbeid mellom 32 kommunar i Hordaland organisert etter IUA-modellen. Modellen gjer eit fortsatt lokalt eigarskap, men regionen skal vere betre rusta opp mot framtidens utfordringar gjennom samarbeidet.

Samarbeidet omfattar følgjande fagområde:

1. Brannførebyggjande arbeid
2. Brann- og redningsberedskap
3. Naudmeldingsteneste - 110-sentral
4. Interkommunalt utval mot akutt forureining

Etablering av samarbeidet har fått status som nasjonalt prøveprosjekt av justis- og beredskapsdepartementet. Blant kommunar som vart spurde til å delta eksisterte det delte meininger. I november 2017 hadde 18 av 34 spurde sagt ja, 5 kommunar sagt nei og 11 kommunar hadde ikkje ferdigbehandla saka.

Finansieringsmodell

Rapporten tilrår at brannsamrådet skal finansierast av deltakarkommunane etter desse prinsippa:

1. Eit grunntilskot som skal vere ein viss del av det samla budsjett for komande driftsår
2. I tillegg til grunntilskotet skal deltakarkommunane betale eit tilskot per innbyggjar som samla skal utgjere den resterande delen av samla budsjett for komande driftsår
3. Budsjett for komande driftsår vert fastsett av årsmøtet med omsyn til aktiviteten som vert vedtatt for driftsåret

Kjelde: Brannsamrådet i Bergensregionen: En tryggere hverdag



Salten Brann IKS

*Med eit av landets
største geografiske
ansvarsområde*

Salten Brann IKS er eit interkommunalt brann- og redningsselskap som er eigd av kommunane Beiarn, Bodø, Fauske, Gildeskål, Hamarøy, Meløy, Saltdal, Steigen og Sørfold.

Selskapet har mer enn 350 medarbeidere der brorparten er deltidsstillingar.

Frå årsskiftet 2017/2018 er også Værøy kommune ein del av samarbeidet.

Selskapet vart etablert i 2007 og har hovudkontor i Bodø.

Regionen har over 80 000 innbyggere med stor geografisk utstrekning.

Selskapet har også ansvaret for 110-nødmeldetenesta for 50 kommunar i Nordland og Sør-Troms tilsvarande ei befolkning på 276 000 innbyargarar.

Samlokaliseringa var basert på behov for betre og meir effektiv beredskap ved store hendingar, betre øvingsfasilitetar og felles øvingar, samt erfaringsutveksling.

Organisasjonen har tre avdelingar:

- Beredskapsavdelinga (brann- og redningsteneste)
- 110-sentralen
- Førebyggande avdeling (feierteneste)



MOVAR IKS

*Basert på langvarig
kommunesamarbeid*

MOVAR er eit interkommunalt selskap som eigast av kommunane Moss, Rygge, Råde, Vestby og Våler. Selskapet vart etablert hausten 1989.

I tillegg til brann, feiing og redningstenester produserer selskapet drikkevatt, rensker avløpsvatn og innsamlar og handterer avfall.

Brann- og redningstenesta i Mosseregionen samarbeider med andre beredskapsaktører for å løyse oppgåver på best mogleg måte for samfunnet og for den eller dei som er berørt av hendingar. I nokre tilfelle er samarbeid bestemt gjennom skriftlege avtaler, og i andre tilfelle skjer samarbeid av praktiske årsakar.

Kjelde: MOVAR

Hovudbrannstasjonen, Mosseregionen interkommunale brann og redning (MIB), ligg på Tykkemyr i Moss kommune og i tillegg har brannvesenet stasjonar i Rygge og Vestby.

MIB har ansvaret for brann- og redningsoppgåvene i regionen med over 77 000 innbyggjarar. MIB har avdeling for beredskap og førebyggjande avdeling.

Dagleg administrasjon og leiing av den regionale samarbeidsløysinga av kommunal brann- og redningsteneste i Mosseregionen (MIB), vert utøvd av brannsjefen. Ansvar og myndegheit for utføring av oppgåver etter bestemningar i brann- og eksplosjonsvernlova med tilhøyrande forskrifter, er så langt det er lovleg, delegert frå eigarkommunane via styrande organ og direktør i MOVAR IKS til brannsjef.

04

Modellar for å løyse krav i ny forskrift i Sogn og Fjordane med vurdering



Vi ser på fem moglege alternative modellar for å løyse krav i ny forskrift

1

Som i dag

Vidareføring av dagens organisering. Dei fleste kommunane har eige brannvern. Tre interkommunale samarbeid om brannsjef og eit interkommunalt brannvern.

Frå 2020 vil ein som følge av kommunesamanslåing få endringar i dei kommunane som skal inn i ny kommune.

2

Regionale IKS

Regionale IKS vert oppretta regionvis. Det er naturleg at kvart IKS får ansvar for all operasjonell drift i sin region etter modell frå Sogn Brann og Redning IKS og Salten Brann IKS .

Kommunane vil avgjere kva region dei skal gå inn i ut frå avstand og andre naturlege føresetnader. Arbeidsgruppa har likevel foreslått ei regioninndeling i fylket.

3

Regionale samarbeid fagleiarar

Samarbeid som berre går på fagleiing. Operativ struktur for brann og beredskap vil vere som i dag. Det vil vere naturleg å organisere dette vertskommunemodellen. Eit døme på slik organisering er samarbeidet mellom Førde, Naustdal og Askvoll om brannsjef.

Kommunane vil avgjere kva region dei skal gå inn i ut frå avstand og andre naturlege føresetnader. Arbeidsgruppa har likevel foreslått ei regioninndeling i fylket.

4

Fylkessamarbeid fagleiarar

Samarbeid som berre går på fagleiing. Operativ struktur for brann og beredskap vil vere som i dag.

Ein vil ha ei felles fagleiing for alle kommunane i Sogn og Fjordane.

I denne modellen kan det vere naturleg at fagleiarane blir tilsett i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS slik at dette samarbeidet vert utvida.

Eit fylkessamarbeid vil kreve at det også er leiarkapasitet på kommunenivå.

5

Bli ein del av Vest brann- og redningsregion

Kommunane i Sogn og Fjordane går inn i Vest Brann og redning, jf presentasjon på tidlegare i rapporten.

Om ein vel dette alternativet vil det vere naturleg å sjå nærare på om ein kan få ei geografisk funksjonsfordeling med Bergen.

Moment som vil bli vektlagt ved framtidig organisering av brannvern

For at arbeidsgruppa skal kunne vurdere dei ulike organisasjonsmodellane har ein valt å legge til grunn fire kriterium. Desse er presentert under:

Kostnader

Kostnadsendring med tre leiarstillingar i 100 %

- For den enkelte kommune
- Samla for alle kommunane

Dei ulike modellane set ulike krav til organisering og lokal leiarkapasitet i kommunen som påverkar kostnadane. Dette må også vurderast.

Tilgang på kompetanse og materiell

- Klarer ein å rekruttere kvalifisert personell?
- I kva grad inngår dei tre leiarstillingane i eit større fagmiljø. Kva breidde får ein i fagmiljøet?
- I kva grad kan ein dele på materiell

Lokal kunnskap og avstand

- Kjennskap til lokale forhold i ansvarsområdet
- Brannmannskap er desentraliserte styrker som har brannvern som ein tilleggsjobb. Dette krev tett oppfølging frå leiarar.
- Kjennskap til kommunen sin beredskaps-organisasjon m.v.
- Ein må også ta omsyn til geografisk nærleik og hinder for flytting av styrkene ved større hendingar (Ras / Storm m.v.)

Samhandling med kommunane

- Kor klar er ansvarsdelinga mellom kommune og brannleiarar
- Vil ein få utfordringar med leiarkapasitet ved større hendingar?
- Krev modellen at kommunen også må ha lokale leiarar som rapporterer til kommunen og dei tre leiarane.
- Ein må og vurdere om valt modell gjer samhandling mellom kommunane enklare / vanskelegare

Alternativ 1

Vidareføring av dagens modell

1


Vidareføring av dagens modell Oversikt

Vidareføring av dagens organisering av brannvern.

Dei fleste kommunane har eige brannvesen. Ein har tre IKS for brannsjef og eit interkommunalt brannvern. Solund og Gulen som er medlem i Nordhordaland og Gulen interkommunale brannvesen er ikkje inkludert i våre modellar.

Som følge av kommunesamanslåing vil ein få endringar i dei kommunane som er omfatta av dette. Frå 2020 er det naturleg at kommunane tilpassar ordninga til den nye kommunestrukturen.


Kommunale brannvesen



I dag har dei fleste kommunar sjølvstendig brannvesen. Dette gjeld 12 kommunar.

Frå 2020 vert dette redusert til 7 kommunar: Hyllestad, Høyanger, Aurland, Fjaler, Gloppen, Stryn og Stadt kommune

Felles fagleiing vidareført



Vi har i dag tre interkommunale samarbeid med felles brannsjef.

I dag inkluderer samarbeida:


- Flora og Bremanger
- Askvoll, Førde og Naustdal
- Årdal og Lærdal

Etter endring i kommunestruktur vil samarbeidet gjelde:

- Kinn og Bremanger
- Askvoll og Sunnfjord kommune
- Årdal og Lærdal

Samarbeidet vert utvida til dei andre to fagstillingane i 2020.

Interkommunalt selskap



Vi har i dag eit interkommunalt brannvesen som inkluderer Vik, Sogndal, Balestrand, Luster og Leikanger.

Etter kommunereforma vil talet på eigarkommunar bli redusert til tre (Vik, Sogndal og Luster).

Forventa kostnadsauke med vidareføring av dagens modell utan omsyn til kommunesamanslåing frå 2020

Oversikt årsverk leiarstillingar innan brann i Sogn og Fj.			
Kommune	Brannsjef	Beredskap	Forebyggende
Florø	1	1	0,6
Bremanger			
Vik			
Balestrand			
Leikanger			
Sogndal	1	1	1
Luster			
Askvoll	0	0,15	0,45
Førde	0,75	1	0,5
Naustdal			
Lærdal			
Årdal	1	0,4	0,4
Hyllestad	0,08	0,08	0,08
Høyanger	0,15	0,5	0,5
Aurland	0,5	0	0,3
Fjaler	0,15	0,15	0,15
Gaular	0,15	0,2	0
Jølster	0,15	0,15	0,15
Vågsøy	0,4	0,3	0,3
Seije	0,6	0,4	0,2
Eid	0,3	0,3	0,3
Hornidal	0,1	0,21	0,05
Gloppen	0,3	0,5	0,8
Stryn	0,36	0,36	0,36
Sum samla årsverk Sogn og Fjordane (- Solund og Gulen)	6,99	6,7	6,14

Forventa kostnadsauke med vidareføring av dagens modell				
Brannsjef	Beredskap	Forebyggende	Sosiale kostnader 30%	Total kostnadsauke
-	-	240 000	72 000	312 000
			-	-
			-	-
			-	-
			-	-
			-	-
			-	-
	510 000	330 000	252 000	1 092 000
150 000	-	300 000	135 000	585 000
			-	-
			-	-
			-	-
	360 000	360 000	216 000	936 000
552 000	552 000	552 000	496 800	2 152 800
510 000	300 000	300 000	333 000	1 443 000
300 000	600 000	420 000	396 000	1 716 000
510 000	510 000	510 000	459 000	1 989 000
510 000	480 000	600 000	477 000	2 067 000
510 000	510 000	510 000	459 000	1 989 000
360 000	420 000	420 000	360 000	1 560 000
240 000	360 000	480 000	324 000	1 404 000
420 000	420 000	420 000	378 000	1 638 000
540 000	474 000	570 000	475 200	2 059 200
420 000	300 000	120 000	252 000	1 092 000
384 000	384 000	384 000	345 600	1 497 600
Sum kostnadsauke Sogn og Fjordane (- Solund og Gulen)				23 532 600


I tabellen har ein berekna total kostnadsauke ved at brannverna i Sogn og Fjordane må bemanne opp til tre 100 % stillingar for dei tre leiarstillingane. Ein har lagt til grunn ei løn på 600.000 + 30 % sosiale kostnader.

Som ein ser vert kostnadsauken samla på 23,5 MNOK ved denne reknemåten. Variasjonane er store mellom kommunane. Mindre kommunar som i dag ikkje har samarbeid får størst kostnadsauke.

Kvart årsverk er sett til å ha kostnadsauke på 600 000 pluss sosiale kostnader på 30%. Utrekningane baserer seg på innrapporterte tal til DSB, jf. kap. 2.

